

# Bok på 1-2-3

## Gabba gabba hey!

Av Frode Grytten og Gry Moursund

Tverrfagleg opplegg i faga norsk, KRLE, kunst og handverk og naturfag.

**Tid: 60–120 minutt**

Boka *Gabba gabba hey!* er eit visuelt fyrverkeri om ein far som elsker tivoli og ville karusellar og om sonen hans, Knut, som ikkje likar tivoli. Knut er også redd for seie frå om dette. I denne ressursen inviterer vi elevane til å samtale om frykt, glede, sug i magen, klump i magen, tivoli og fisketur.

I etterarbeidet kan ein velje mellom tre ulike aktivitetar. Dei to første oppgåvene er teikneoppgåver, den tredje er ei kreativ byggeoppgåve i Lego. I tillegg har vi leita fram peikarar til ei svært omfattande, teknologisk oppgåve der elevane byggjer motoriserte karusellar. Oppgåvene har peikar til instruksjonsfilmar på YouTube.

### Utstyr og førebuing

**Del 1: Lese bok og samtale om boka** (35–45 minutt)

Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør

Gjere desse elementa klare for skjermvisning i klasserommet:


- *Gabba gabba hey!*
- Film med fem berg-og-dal-baner i Fårup sommarland
- Bilete av familie i tømmerrenne

**Del 2: Etterarbeid** (20–90 minutt)

Teikneoppgåve 1: teiknesaker

Teikneoppgåve 2: teiknesaker og trinn-for-trinn-teiknerettleiarar

Legooppgåve: Lego (med element som kan snurre/spinne) og inspirasjonsfilm



### Formål

#### Norsk

- Lese og lytte til ei biletbok og samtale om teksten.
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, rørsle og andre kreative uttrykk

#### KRLE

- Setje seg inn i og formidle egne og andre sine tankar, kjensler og erfaringar

#### Kunst og handverk

- Gjennomføre kunst- og designprosessar ved å søke inspirasjon, utforske moglegheiter, gjere val og lage egne produkt.

#### Naturfag

- Designe og lage eit produkt basert på ein kravspesifikasjon.




# 1 Før lesing

(18 minutt)

Start med å sjå filmen om fem berg-og-dal-baner i Fårup sommarland: <https://www.youtube.com/watch?v=pUrbgonMXM> (tid: 5.42)

Etter filmen spør du elevane om dei har køyrt karusell eller berg-og-dal-bane nokon gong. La elevane fortelje frå opplevingar dei har frå tivoli og fornøylesparkar.

Ha ein samtale der de snakkar om stemmebruk/kjensler/ansiktsuttrykk/rørsler når ein køyrer karusellar/berg-og-dal-bane.



Lag ein tabell med fire kolonnar på tavla. Namngje kvar kolonne:

- Lydar
  - Kjensler
  - Ansiktsuttrykk
  - Rørsler
- 
- Kva for nokre lydar lagar dei som køyrer berg-og-dal-bane? Skriv ned barna sine svar i kolonnen «lydar»
  - Kva for nokre kjensler har dei som høyrer berg-og-dal-bane? Skriv ned barna sine svar i kolonnen «kjensler»
  - Korleis ser ansikta deira ut? Skriv ned barna sine svar i kolonnen «ansiktsuttrykk»
  - Kva gjer ein med kroppane sine? Skriv ned barna sine svar i kolonnen «rørsler»

Likar de å køyre karusellar eller berg-og-dal-bane?

- Kvifor?
- Kvifor ikkje?
- Likar foreldra dine det?

Vis framsida av boka *Gabba gabba hey!*

- Snakk om biletet
- Kva handlar denne boka om, trur de?
- Kven trur de er hovudpersonen?
- Trur de boka handlar om andre på dette biletet?

Kvifor trur de boka heiter *Gabba gabba hey!*?

## 2 Etter lesing (5 minutt)

Korleis ser ansiktsuttrykket til jenta jenta på fotografiet ut? Korleis har ho det inni seg, trur de?

Jenta på biletet som ser veldig redd ut, elsker karusellar og berg-og-dal-bane. Ho lo høgt og lenge då ho var ferdig.

Har nokon av dykk sett barn som smiler eller ler når dei er ferdige med ein tur? Har nokon av dykk sett barn som grin?

Samtal med barna om dei trur barn av og til tek karusellar dei eigentleg ikkje tør å ta. Kvifor gjer dei det, trur de?

Snakk også om at det er heilt i orden å vere redd for fart og høgder. Vi er ulike og likar ulike ting. Dersom det er barn i klassa som seier at dei ikkje likar å vere på tivoli, kan dei få fortelje kva dei likar å gjere.

